

# ÅRSMELDING 2021

Klivrelaget



## Styret 2020/2021

Leiar:	Tobias Hatløy
Nestleiar:	Jon Kåre Myrvågnes
Styremedlemmar:	Lisbeth Longva, Jan Einar Hovden, og Connie Sand
Varamedlemmar:	(ingen vara da alle blei innlemma i styret)
Revisorar:	...
Valkomite:	Leif G Brandal
Kontrollkommitte	Henning Langeland og Sindre Moltu

## Styret sine aktivitetar

---

Å drifte hallane til klivrelaget er ei solid arbeidsmengde. Så det blir jamt over noko å ordne opp i eller forholde seg til. Vi har holdt styremøter omlag kvar 3 månad og kommunisert ein heil del via internett underveis for å ta tak i saker som dukker opp. Styremedlemmane har stått på og gjer ein god innsats for at klatring skal vere ein rimeleg og tilgjengelig aktivitet i nærmiljøet.

### STYRET

Nytt styre vart kontinuert etter årsmøte i 2021. Tobias fortsatte som leiar og Jon Kår kom inn som nestleiar i styret.

Booking og vakter	Lisbeth
Medlemsansvarlig	Jan Einar
Eventer	Connie Sand
MEDIA/juniorklatring	Mateo

### DRIFT AV KLATREVEGGEN PÅ ULSTEIN ARENA

Etter å ha lansert eit nytt forslag til avtalen med Arena i Mai var det mykje styr rundt å få ei kontrakt med Arena som vi kunne stille oss bak. Etter mykje om og men kom vi i mål med ein avtale som styret/UA/SUFH sa seg enig. Så no har vi eit bedre grunnlag å jobbe vidare med og ein handfast avtale å bruke.

### DUGNADEN på Ulstein Arena

Vi fekk gjennomført den i god stil i november. Alle taka blei tatt ned, klatretak blei vaska, festepunkt til vegg og alle hengarane blei sjekka. Årets ruteskruar var Øystein og Stina. Sluttresultatet blei eit ruteutvalg som dekkja behovet til dei fleste klatrarane. Dermed vart det mindre behov for lokal ruteskruing, sjølv om ei rute eller to har kome på plass.

### DUGNADEN i siloen

Vi har gjennomført ein dugnad i siloen for å rydde opp i gammalt skrot, samt forny nokon av overflatene for å gjere staden meir aktuell. Ønsket er å bruke hallen vidare som stad for topptuaklatring, buldring og trening. Mange har bidratt i dugnaden. Sjølve tidsaspektet har vore noko langdrygt..men ein kom etterkvart i mål med opplegget. Tak som vi har til overs frå Ulstein Arena blei brukt her. Medan dei gamle taka i siloen blei donert ut for å

spre klatregleda i nærområdet. Gursken IL og Tore Lundberg har fått ei god skjerv kvar. Samt ein del private. Moonboardet er aktivt i bruk gjennom vintermånadane og blir stadig oppdatert med nye tak.

## **NETTSIDE**

Er stadig under oppdatering og her ønsker ein å formidle prisar, åpningstider, klubbinformasjon, klatrefelt og svar på vanlege spørsmål. Aktivitet i klubben forsøker vi å publisere gjennom Facebook og Instagram. Trenger at klubbmedlemmar sender inn bilde så det blir meir aktivitet på gruppene.

## **BOLTING PÅ UTEFELTA**

Tore Lundberg er aktiv i ytre strøk og har fått lagt inn fleire nye ruter på Blåfjellet og andre felt i nærområdet. Vi har også fått eit tradfelt i nærheita av Blåfjell. Dette må sjekkast ut meir ila dei komande åra.

Tore har også laga til eit felt ut forbi Larsnes som må sjekkast ut når våren siger på plass.

Det er tiltenkt å satse på Mulevika, Roppehornet, Korsneset, Trollhetta og Gåsneset ila 2022. Kanskje bør vi også kike litt på Vetten og Kjerringa også i dei komande åra. Her er rutepotensiale av lengre sort. Det blir då viktig å avtale med grunneigar før ein begynner på slikt. Det gjelder også det gamle feltet på dimna om ein skal utføre dugnadsånd der.

Det også kjøpt inn vinkelslipar på batteri for å lettare kunne fjerne gamle boltar.

## **KLUBBAKTIVIET**

Det er blitt gjennomført ein del brattkorkurs ila 2021. Vi har forsøkt å holde oppsatt plan for skape eit forutsigbarheit på når kursa er samt at ein får tid til reklamering og organsiering i forkant. Føreløpig har alle kurs hatt god deltakelse og etterspørselen er større enn tilbudet.

Vi gjennomførte eit klubbmøte ila vinteren 2021 med Tore Lundberg som foredragsholdar. Vi hadde ei greit oppmøte og det vart ein hyggelig aften ilag.

Vi har arrangert to klubbsamlingar ila 2021. Ei klippesamling i Mulevika på våren og ei fjellsaming på standaseidet på hausten. Begge to blei gjennomført med fin deltakelse og hyggelig lag. Så dette må vi få til meir av.

Under klatresamlinga i Mulevika hadde vi ei ulykke med steinfall og bakkefall. Heldigvis har det gått greit med karen, men det er nok fleire element å ta med seg til seinare. Både med tanke på sikringsteknikk og organisering av fellesturar. Så vi tar med oss lærepunkt frå hendelsen.

Ila hausten har aktiviteten vore god i hallen. Offshoregutta regjerer på dagtid og A4-folket herjar hallen på kveldstid. Så det lovar godt. Vi ønsker å starte opp med juniorklatring i 2022 for å få med den yngre garde. Så vil tida vise om det er interesse.

## **COVID 19**

Har vore ein begrensande faktor gjennom 2021 og vil sannsynlegvis forsette litt inn i 2022. Vi har fått holde hallen åpen mesteparten av tida. Det er mandagsklatringa for ungane som har lidd mest.

## **MEDLEMSTALL**

Antalla medlemmar 2021	252	
Treningsavgift	176	
Kvinner	76	
Menn	104	
Barn	72	( 30 gutar og 42 jenter)

## **ØKONOMI**

Økonomien går godt. Vi har kjøpt inn etter beste evne og har invistert for å gi tilbake til medlemmane. Det gjelder klatretak, boltar, drill, verktøy, utstyr til ulån og fornying av klatresiloen.

Vi har så smått begynt å leite etter lokasjon for å sette opp ein buldrevegg som kjem lokalmiljøet til gode. Vi er i samtale med Hasundgot IL om å etalbere ein vegg på Dimnøya i anledning at dei sannsynlegvis skal bygge ein ny idrettshall. Så det blir spennande å sjå om det blir noko av.